

* FISKE

«Godlukt» skal få fisk på kroken

Med hjelp frå forskarar lanserer norsk gründerbedrift fiskelykke på tube.

Ved å utnytte luktstoff frå spisskammeret i havet, har instituttet Nofima og Sintef saman med verksemda Polybait utvikla ein krem som kan påførast fiskereiskap. Dei håpar at lukta vil trekke meir fisk til agnet.

– Det finst alt fleire variantar av agn med luktstoff på sportsfiske-marknaden. Men det ligg føre lite vitskapeleg dokumentasjon på at dei fungerer, seier seniorforskar Sten Ivar Siikavuopio ved matforskningsinstituttet Nofima til Gemini.no. Dokumentasjon for den nye kremen finst visstnok.

Sport- og yrkesfiske

Den norskeutvikla kremen er berekna både på sportsfiskarar og yrkesfiskarar.

Ifølgje gründer Svein Kvalvik i Polybait vil kremen bli marknadsført med tanke på sportsfiske med flue og sluk, i tillegg til linefiske etter kveite og profesjonelt juksa-fiske.

Kremen er eit biprodukt av eit stort og beslektat prosjekt. Her er Polybait, Nofima og Sintef i gang med å utvikle duftande, syntetisk agn for autolineflåten, med støtte frå Noregs forskingsråd.

Viss «moderprosjektet» blir vellykka, vil det ikkje lenger vere nødvendig å bruke matfisk til agn på autolinebåtar.

Restråstoff


Nofima har hatt ansvaret for å sirkle inn luktstoffa som Polybait brukar. I dette arbeidet har

instituttet utnytta restråstoff frå fiskeindustrien. Det er blitt til tre ulike kremar – ein for fangst av torsk, ein for kveite og ein for laks. Luktstoffa er henta frå artar som er byttedyr for desse fiskeslagene.

Fortjukkingsmiddelet som gjer det mogleg å påføre luktstoffa i form av ein krem, er utvikla hos Sintef. Ferdinand Männle, marknadsdirektør hos Sintef Materialer og kjemi, opplyser at instituttet har løyst fleire oppgåver på ein gong:

– Vi har gitt kremen eigenskapar som gjer at han vert broten ned i vatn over tid. Dette for å hindre at reiskapen skal trekke til seg fisk dersom snoret skulle ryke. Samtidig har vi sytt føre at kremen ikkje løyser seg for raskt i vatn. Vitsen ville jo vere borte om den blei skilt bort kort tid etter at snoret kjem i vatn, seier han til Gemini.no.

©NPK



Fiskelykke? Ein norskutvikla krem skal latare trekke fisen til agnet. Kremen er berekna både på sportsfiskarar og yrkesfiskarar.

FOTO: COLOURBOX

NOTERT

ØKONOMI

Reagerer på norske regnskapsregler

* Norske regler bryter med EØS-avtalens prinsipp om etableringsfrihet, mener EFTAs overvåkingsorgan ESA.

Det er regnskaps- og revisjonsreglene for selskaper med filial i Norge, men hovedkontor i et annet EØS-land overvåkingsorganet reagerer på.

Slike selskaper må hvert år legge fram et ekstra regnskap over driften i Norge, noe ESA mener er en unødvendig hindring dersom tilstrekkelig informasjon er gitt i hjemlandet.

– Reglene hindrer etableringsfriheten i EØS og gjør det mindre attraktivt for selskaper å etablere seg i Norge, mener ESA.

Norge har nå to måneder på å følge opp den såkalte grunnige uttalelsen fra ESA, som etter dette kan velge å ta saken til EFTA-domstolen i Luxembourg.

Finansdepartementet sier det tar ESAs uttalelse til etterretning.

– Norske myndigheter har nå to måneder til å vurdere innholdet i ESAs uttalelse nærmere, opplyser departementet til NTB.

©NTB

AGROMET NORGE AS

Maskinfører, Importør



Vil du ha noe annet enn en "blekkasse" å kjøre korn med i år?

Vi har nå vår trofaste dumperhenger(10 t) igjennom 23 år

med kornkarmer(15m³).

TILBUD kr 98.000,- +mva



Leverses med 400 hjul, men kan leveres med 500 hjul for kr 11.000,- + MVA



Vi har også dumperhengere med HARDOX og forskjellige farger etter valg. Be om pristilbud!



T-041/K, 10 tonns dumperhenger
Hydraulisk baklem, 4-hjuls brems
Innv mål: 380m x 235m

PS! Vi har nå nettbutikk for bestilling av deler.

www.agromet.no

mob. 911 76 854 post@agromet.no

tlf. 33 30 66 00